



Utv.saksnr	Utval	Møtedato
68/19	Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning	06.09.2019

Høyring - ny kraftstasjon ved Nedre Tessa I - konsesjonspliktvrdering

Vedlegg:

- 1 Anmodning om vurdering av konsesjonsplikt for ny kraftstasjon ved Nedre Tessa kraf
2824906_1_1.PDF

Saksframlegg:

Vågå kommune har fått på høyring søknad om bygging av ny kraftstasjon ved Nedre Tessa I. I høyringsbrevet frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) datert 2.7.2019 er det vedlagt søknad utarbeidd av Eidefoss AS. Bakgrunnen for at Eidefoss ønskjer å bygge ny stasjon er m.a. at det eine av dei eksisterande aggregata har havarert og at det andre har kort restlevetid.

NVE skal behandle søknaden frå Eidefoss etter vassressurslova § 18 samt vurdere saka etter §§ 8 og 10 og avklare om tiltaket medfører skade og ulempe for allmenne interesser som er av ein slik karakter at det oppstår konsesjonsplikt. Kommunen, fylkesmannen og fylkeskommunen blir i slik saker bedne om å informere om det er kjente allmenne interesser som kan bli råka av tiltaket og eventuelle andre faktiske forhold som vere avgjerande for gjennomføringa. Døme på allmenne interesser er: friluftsliv, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Faktiske forhold som kan vere relevant er informasjon om planstatus, eksisterande vassuttak m.m. Høyringsinstansane er også bedne om å vurdere kunnskapsgrunnlaget i forhold til naturmangfaldlova § 8. NVE har sett høyringsfristen til 9.9.2019.

Den nye kraftstasjonen er planlagt bygt rett nedstrøms eksisterande stasjon, dvs. 50 m nedstrøms dagens utløp frå Nedre Tessa I. Nytt kraftverkbygg er planlagt ca. 150 m² stort. Det er anslått at tiltaket vil gje ei auke i produksjonen med 6 GWh. Transformatorar vil bli plasserte der eksisterande transformatorar for aggregat 1 og 2 er plasserte i dag. Eidefoss skriv i søknaden til NVE at kjøremønster og avløpsvolum for nytt kraftverk vil vere likt med dagens kjøremønster og innafør gjelande rettar og konsesjonsvilkår, og at det vil vere minimale endringar i forhold til dagens miljø og allmenne interesser.

Kraftverksbyggingen er planlagt plassert som vist på planteikninga vist under (utsnitt av vedlegg E i Eidefoss sin søknad, vedlagt) Utløp frå nytt kraftverket går fram av planteikninga.



Utløp fra det nye kraftverket vil vere ca. 50 meter nedstrøms eksisterande utløp frå Nedre Tessa I og 70 meter oppstrøms utløpet fra Nedre Tessa II. Elvestrengen frå dagens kraftverk og ned til utløp fra Nedre Tessa II er råka av dagens kraftverksdrift og ut frå opplysningar gjevne av Eidefoss i søknaden, tørrlagt 7-800 timer kvart år når Nedre Tessa I ikkje er i drift.

Når det gjeld drift av nytt anlegg skriv Eidefoss følgjande:

«Kjøremønsteret og avløpsvolum på det nye kraftverket vil bli identisk likt med dagens Nedre Tessa I. Det vil si full kjøring fra 1. juli og fram til mai-juni avhengig av tilsigsprognoser for Tessemagasinet. Det vil normalt være full stopp en periode mellom 1.mai og 1.juli for å nå det nye konsesjonsvilkåret som sier at vann-nivået skal være minimum 850,92 m.o.h i Tessemagasinet innen 1.juli. I et normalår tilsier det full stopp i 7-800 timer i denne perioden. Da er elvestrekningen mellom utløp Nedre Tessa I og utløp Nedre Tessa II tørrlagt. Det vil være Nedre Tessa I som kjøres mest også i framtiden da skattereglene er fordelaktige for denne kraftstasjonen. Det er ikke grunnrenteskatt på produksjonen i denne stasjonen p.g.a at størrelsen er under 10 MVA.»

Vurdering:

I søknaden utarbeidd av Eidefoss er det etter rådmann si vurdering gjort ei oversiktleg omtale av planlagt tiltak.

Søkjær har vurdert konsekvensane for miljø og allmenne interesser til følgjande:

- En elvestrekning på ca 40 meter som i dagens situasjon har driftsvannføringen fra Nedre Tessa I store deler av året vil ved bygging av ny kraftstasjon kun ha lokaltilsiget fra nedslagsfeltet mellom inntaksdam og Nedre Tessa I. Det må nevnes at den omtalte strekningen er helt tørrlagt 7-800 timer/år i dagens driftssituasjon. Se bilder av omtalte strekning i vedlegg F
- Det vil bli etablert et nytt bygg der det nå står en tom bolig som AS Eidefoss eier. Dette er vist på vedlegg D
- Når det gjelder fisk og fiskeinteresser er det ikke observert fiskeaktivitet på den berørte strekningen i nyere tid.
- Det er stor sannsynlighet for at dagens lydnivå vil bli redusert ved bygging av ny

- stasjon og det vil være fokus på dette under prosjekteringen.
- Et nytt stasjonsbygg vil, så langt det er teknisk mulig, bygges som et signalbygg i tre/stein/betong og forhåpentligvis bli en attraksjon i området.

Planstatus i området

Området er i kommuneplanens arealdel avsett som eksisterende byggeområde for energianlegg. Godkjendte planar med plankart og føresegner er til orientering tilgjengeleg i kartinnsynsløysing på kommunen si heimeside.

Utsnitt av kommuneplanens arealdel er vist under:

<p>Utsnitt av kommuneplanens arealdel for området langs Tessa.</p>	<p>Kraftverksområdet er i kommuneplanen vist som E03E, dvs. eksisterende byggeområde for energianlegg.</p>

For Tessand-området er det ein gjeldande reguleringsplan. Utsnitt av reguleringsplan for Tessand er vist under. Kraftverksområdet grenser til bustadtomt BB.

<p>Utsnitt av reguleringsplan for Tessand er vist under. Kraftverksområdet grenser til bustadtomt BB.</p>	<p>Flybilette av området.</p>

Følgjande føresegner gjeld for område regulert til formål kraftverk BI:

OMRÅDE FOR INDUSTRI (BI)

Kraftverket i Tessa skal drivast i tråd med gjeldande konsesjonar og særlovar.

Lafte- og handverksverksemd skal kunne drivast på område regulert til industri mellom rv 15 og Vågåvatnet.

Områda skal ha ein utnyttingsgrad på 40 % BYA. Gesims- og mønehøgde skal ikkje overstige h.h.v. 8 m og 9 m over ferdig planert terreng. Bygningane skal tilpassast terrenget.

Skredfare-vurdering

Enkelte område i Vågå er kartlagt m.o.t. skredfare, jf. NGI-rapport. Tessand-området er kartlagt. Grøn farge viser område som tilfredsstillar tryggleiksklasse S2, jf. Tek 17.



Naturmangfald og kulturminne

Ut frå naturbase er det ikkje registrert særskilte førekomstar i området som blir råka.

Kommunen har ikkje kjennskap til opplysningar om naturmangfald utover det som går fram av databasane www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no, og heller ikkje om kulturminne utover det som går fram av databasen www.askeladden.no og det som er gjort greie for i søknaden. Rådmannen kan ikkje sjå at det er forhold som tilseier at kunnskapsgrunlaget ikkje er tilstrekkeleg i dette området.

Landskap

Utbygginga får små konsekvensar for landskap. Det er inngrep knytt til dagens kraftverk frå før i området. Ei kan ikkje sjå at eit nytt bygg på ca. 150 m² jf. utgreiingane som ligg føre, vil ha negative konsekvensar for landskap. Det er generelt viktig at det blir teke omsyn til nabobebyggelse.

Landbruk

Ein kjenner ikkje til forhold i område som tilseier at søknaden har konsekvensar for landbruksinteresser.

Friluftsliv

Tiltaket inneber at ei elvestrekning på om lag 40 meter nedstrøms dagens Nedre Tessa I får vesentleg redusert vassføring delar av året. Driftsvassføringa frå Nedre Tessa I inneber at denne elvestrekninga vil vere tørrlagt delar av året, ev. ha noko tilsig frå terreng. Dette er sjølvstøtt ei ulempe.

Med omsyn til friluftsliv og fisk/ferskvassbiologi vil redusert vassføring/tørrlegging av ein noko lengre elvestrekning enn i dag vere negativt. Samtidig er Tessa prega av inngrep i dag og det dreier seg ikkje om tiltak i eit urørt vassdrag. Det er generelt positivt at det blir gjort tiltak knytt til eksisterande kraftverk for å effektivisere/hente ut kraftproduksjonspotensiale heller enn inngrep i nye område. Det går fram av søknaden at omsøkt tiltak kan gjennomførast innfor rammene av gjeldande konsesjon. Området der planlagt bygning skal oppførast er regulert til industriformål (kraftverk).

Rådmannens innstilling:

Vågå kommune har vurdert forholdet til allmenne interesser. Tiltaket inneber negative konsekvensar for vassdraget ved redusert vassføring, og dels tørrlegging, av ein noko lengre elvestrekning enn i dag. Med bakgrunn i inngrepa i vassdraget i dag, kan ein likevel ikkje sjå at allmenne interesser blir vesentleg råka av tiltaket. Det er likevel viktig at avbøtande tiltak blir vurdert med bakgrunn i samla konsekvensar for vassdraget og interesser knytt til dette.

Saksprotokoll i Hovudutval for teknisk, landbruk og naturforvaltning - 06.09.2019

Rådmannens innstilling:

Vågå kommune har vurdert forholdet til allmenne interesser. Tiltaket inneber negative konsekvensar for vassdraget ved redusert vassføring, og dels tørrlegging, av ein noko lengre elvestrekning enn i dag. Med bakgrunn i inngrepa i vassdraget i dag, kan ein likevel ikkje sjå at allmenne interesser blir vesentleg råka av tiltaket. Det er likevel viktig at avbøtande tiltak blir vurdert med bakgrunn i samla konsekvensar for vassdraget og interesser knytt til dette.

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Vågå kommune har vurdert forholdet til allmenne interesser. Tiltaket inneber negative konsekvensar for vassdraget ved redusert vassføring, og dels tørrlegging, av ein noko lengre elvestrekning enn i dag. Med bakgrunn i inngrepa i vassdraget i dag, kan ein likevel ikkje sjå at allmenne interesser blir vesentleg råka av tiltaket. Det er likevel viktig at avbøtande tiltak blir vurdert med bakgrunn i samla konsekvensar for vassdraget og interesser knytt til dette.